

OPPSETTING AV VEV – ei hugseliste

Punktvis opplisting ved bruk av rennebom, sveipeskei og sveipekam.

RENNING

1. Mål opp renningslengda.
2. Renn med eit trådtal som høver med rennelista, 2 – 3 – 4 tråder.
3. Sit mest mogleg.
4. Renn fast – ikkje stramt. Då blir det jamnast renning.
5. Pass på at du ikkje forskyv trådane, oppover eller nedover på rennebommen.
6. Legg alltid nye tråder ved sida av, ikkje oppå dei førre trådane, då er det lettare å kontrolltelje.
7. Knyt alltid rundt skillet, først av alt, når renning er ferdig.
8. Knyt ombindingstråd. For kvar omgang, i bukta og omlag $\frac{1}{2}$ meter frå skillet.
9. Pass på å halde att rennebommen med kneet, ved nedfeltting, slik at ikkje renninga raser på golvet.
10. Dra aldri enden av renning gjennom siste lykkja. Stopp ved siste ombinding og knyt den tråden vidare rundt lykkja.

BRUK AV SVEIPESKEI

1. Legg renninga på eit bord.
2. Finn skillet og tre inn skillpinnar, ein om gongen. Bind saman skillpinnane før tråden i skillet blir løyst.
3. Set sveipeskeia på kant.
4. Tre 1 og 1 heil rense, slik at trådane blir jamt spreidde, og får rett bredde. Tre lykkja inn på ein stokk.
5. Brett stokken over sveipeskeia, og rull renninga saman forbi skillpinnane.
6. Plasser 2 stokkar langsetter veven.

7. Legg sveipeskei, skillpinnar og stokk på tvers av dei.
8. Før renninga fram gjennom vevskeiopninga i skeislaget.
9. Før endelykkjene på renninga over på rundstokken på garnbommen. Stå bak veven når dette blir gjort.
10. Hald stramt i andre enden av renninga, og skift skill – dersom det ikkje vart gjort smstundes med at skillet vart tredd i skeia.
11. Plasser skeia i skeislaget.

BRUK AV SVEIPEKAM

1. Finn 2 lange stokkar og legg langsetter veven, over strekkbom og brystbom.
2. Legg sveipekammen på stokkane.
3. Ta renninga bort i veven, og legg ho over sveipekammen, vidare inni skeislaget med fletta mot brystbommen.
4. Set i skillpinnane. Knyt dei saman, før ombindingstråden for skillet blir knytt opp.
5. Fest skillpinnane til garnbomkjeppen, eller tre inn ein ekstra stokk som du festar til garnbomkjeppen.
6. Fordel halve og heile renslar i sveipekammen, etter behov. **BRY DEG IKKJE OM Å JAMNE TRÅDANE – DET GREIER DU IKKJE DER OG DÅ.** Lås sveipekammen.
7. Før renslene inn på kjeppen til garnbommen og jamne trådane.

SVEIPING

1. Ta eit godt tak rundt renninga, framme i veven. Rist litt, slik at renninga blir ganske jamn.
2. Er renninga lang: Før ho rundt brystbommen, inn i veven over knebommen og heilt bak. Den som held renninga stram må då sitje bak veven ved garnbommen.
3. Pass på å sitje midt mellom størene, slik at renninga kjem midt i veven.
4. La **ALDRI** RENNINGA GLI I HENDENE. Skift tak når renninga er i ro. Sei stopp til

den som sveivar.

5. Bry deg ikkje om enkelte lause tråder, dei blir borte av seg sjølve.
6. Hald alltid renninga stram, når det skal leggjast på spiler eller papp. Elles blir det lett ujamn sveiping.
7. Spilene skal liggje så tett at den nye omgangen med renning ikkje tek borti omgangen før. Det er sløsing med spiler å leggje dei heilt inntil kvarandre.
8. Omgangar med renning på garnbommen, mellom spileomgangen eller pappen, avheng av garnkvaliteten i renninga. Men det er normalt ikkje nødvendig med ny omgang før renninga byrjar gli litt ut på kanten, eller ser litt slakkare ut der.
9. Sveip på så langt som råd.
10. Klipp opp i bukta.
11. Dra trådane gruppevis ut or sveipekammen/skeia. Knyt rennelykkje for kvar gruppe, framføre skillpinnane.

HOVLLING OG KASTING I SKEI

1. Bruk dei langsgåande stokkane og legg skafta på dei. Eller heng skafta på skafthaldarar, eller koble skafta til snorene frå vippekassa. Skuv den bakover om nødvendig.
2. Set deg på ein krakk inni vevstolen, når det er stor vevstol. Det kan også vere ei løysing å ta bort skeislaget og knebommen, for å stije på stoffbommen.
3. Start hovling på høgre sida.
4. Skil ut nokre hovlar frå kvart skaftpar. Bruk hovellista for å finne høveleg tal. Med rett gjennomgåande hovling kan det til dømes høve å skilje ut 5 hovlar på kvart skaft.
5. Ta dei 4 renningstrådane (3 om det er rennt med 3 trådar), fordel dei mellom fingarne på venstre hand, og bruk dei ein etter ein i hovlane.
6. Knyt saman trådane når det er hovla passeleg mange til å knyte saman til ei rennelykkje. Hovle ferdig.
7. Bind skeia til dei 2 langsgåande stokkane. Skeia skal ligge vassrett inntil hovlane, i underkant av hovelauga.
8. Ta eit knippe med renningstråder, dei som mer samla i ei rennelykkje, på høgre sida, i venstre hand.

9. Stikk skeikroken mellom tindane, med høgre hand, opp frå undersida.
10. Ta ut det talet med tråder som skal i 1 tinn, med venstre peikefingeren. Legg tråden på tvers framfor skeikroken og trekk tåden gjennom.
11. Kontroller at det ikkje er hoppa over, eller er tredd for mange tråder i enkelte tinnar.

FRAMKNYTING OG KOBLING

1. Slepp opp for garnbommen, og dra alt framover – skei, skaft og skillpinnar.
2. Bind opp skafta om det ikkje alt er gjort.
3. Plasser skeia i skeislaget, slik at renning kjem midt i veven. Har skeislaget vore ute, pass på at det blir sett inn att rett veg.
4. Set ev. på plass att knebommen.
5. Knyt fram veven med den kanten som høver til garnkvaliteten på renninga.
6. Skuv skillpinnane bakover.
7. Koble veven og pass på:
 - avstand mellom skaft, vekslar, trøer og golv,
 - at snorene får fritt løp, ikkje kryssar kvarandre,
 - at snørene blir litt slakkare framover på trøa – når trøa er bein,
 - at snorene frå vippekasse og veksler går loddrett ned gjennom renninga. Dersom renninga ikkje er sveipa midt i veven, skal ikkje snorene gå midt i renninga, men midt i veven.
 - Prinsippet er vassrette og loddrette liner.
8. Kontroller skilla og pass på at:
 - renningstråden går gjennom eit hovelauga
 - det ikkje er tråder som krysser kvarandre i hovlane
 - det ikkje er kryssa trådar mello hovlar og skei.

I VEVEN – Bruk kroppen, legg vinn på å få rytme i vevinga. Det gir best resultat for kropp og tekstil.